

Kaland Trelast AS  
Keilevegen 45  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16745 - 20/68227

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:  
28.10.2020

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 124/29 Kjilegavlen

Tiltak: oppføring av hytte  
Byggjestad: Gbnr: 124/29  
Tiltakshavar: Oddgun Keilegavlen Grane  
Ansvarleg søker: Kaland Trelast AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.10.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det vart i vedtak datert 16.02.2015 gjeve løyve til deling av tomta til fritidsbustad. Ved søknad om oppføring av fritidsbustad er det naudsynt med søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Vi minner om at dispensasjonar må vere grunngjeve og nabovarsla.
2. I høve til planlagt tilkomstveg til tomta er det naudsynt med søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Eventuelle konsekvensar for landbruksdrifta må synleggjerast. Vi minner om at dispensasjonar må vere grunngjeve og nabovarsla.
3. I tillegg til dispensasjon frå LNF-føremålet er det naudsynt med dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 for avstand til sjø. Vi minner om at dispensasjonar må vere grunngjeve og nabovarsla.
4. Eideommen har tilkomst via privat veg som igjen har tilkomst via kommunal veg. Det er naudsynt med løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg.
5. Det er i søknaden opplyst at tiltaket skal koplast til privat vatn og avlaup. Det kjem fram av situasjonsplan at avlaupet blir kopla til eksisterande leidning for utslepp til sjø

og at det er opplyst at denne er lagt ned og godkjent. Det er også sendt inn søknad om utsleppsløyve og røyrleggjarmelding. Før kommunen kan vurdere søknaden må godkjenning fylgja med.

6. På situasjonsplan keilegavlen datert 27.08.2020 kan det på profilteikningane sjå ut som at fyllingsfot er avslutta nærmare nabogrense enn 1 meter. Basert på innsendte teikningar kan fyllingsfoten sjå ut til å vera 4 meter høg. Det må leggast ved samtykke frå nabo for plassering av fyllingsfoten eller søkjast om dispensasjon for plassering nærmere nabogrensa enn 4 meter.
7. Tiltaket ligg under marin grense og utgjer difor eit aktsomhetsområde for marin leire/kvikkleire. Vi minner om krava i plan- og bygningslova § 28-1 i forhold til trygg byggegrund.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **28.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjær om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og bygesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Informasjon til tiltakshavar og søker om dispensasjon

#### **Mottakarar:**

Kaland Trelast AS  
Oddgun Keilegavlen Grane

Keilevegen 45  
Neset 9

5953      FONNES  
6985      ATLØY